

Kontrollutvalet

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
10/20	Styret for SEKOM sekretariat	27.05.2020
09/20	Representantskap for SEKOM sekretariat	15.06.2020

Arkiv	Sakshandsamar	
FE-210	Arnar Helgheim	

Rekneskap 2019 - SEKOM-sekretariat

Vedlegg i saka:

18.02.2020 Revisjonsmelding 2019 SEKOM sekretariat
14.02.2020 Rekneskapshefte 2019 SEKOM sekretariat
19.02.2020 Kommentar om innskotsplikt

Tilråding frå dagleg leiar:

Rekneskap 2019 for SEKOM-sekretariat vert godkjent.

27.05.2020 Styret for SEKOM sekretariat

Handsaming:

SEKOM sekretariat v/Arnar Helgheim gjekk gjennom rekneskapen for 2019.

Val av revisor vert sett opp som sak til neste møte 16. september.

Nytt framlegg til vedtak:

Styret sitt framlegg til representantskapen:

Rekneskap 2019 for SEKOM-sekretariat vert godkjent.

Styrevedtak:

Styret legg til grunn at selskapet kan legg opp ein buffer til uføresette situasjonar.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

STY-10/20 Vedtak:

Styret sitt framlegg til representantskapen:

Rekneskap 2019 for SEKOM-sekretariat vert godkjent.

Styrevedtak:

Styret legg til grunn at selskapet kan legg opp ein buffer til uføresette situasjonar.

15.06.2020 Representantskap for SEKOM sekretariat

Handsaming:

For ettertida vert fonda delt i bufferfond og pensjonsfond (framtidige pensjonsforpliktelsar)

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

REP-09/20 Vedtak:

Rekneskap 2019 for SEKOM-sekretariat vert godkjent.

Saksutgreiing:

Eg viser til vedlagde hefte med rekneskap for SEKOM-sekretariat og revisjonsmelding.

Etter samarbeidsavtale for det omdanna selskapet, er det representantskapet som vedtek rekneskap og årsmelding. Styret skal komme med tilråding i sakene.

Handsamingsmåten er i samsvar med kommunelova sine reglar for kommunale oppgåvefelleskap. Frå § 14-8 i ny kommunelov: «Vedtak om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning skal treffes av representantskapet i rådet eller oppgåvefelleskapet».

Kommentar frå medlem i representantskapet

I tillegg til rekneskapsheftet og revisjonsmelding, legg eg ved skriftleg kommentar frå ein av medlemmane i representantskapet. Denne inneheld vedkomande si tolking knytt til fondsavsetjing.

Det vert peika på at det ikkje er krav om innskott og at det ikkje er naudsynt med fondsoppbygging. Det er rett at selskapet verken etter gamal eller ny organisering har krav om innskott frå eigarane. Eigarane skyt dermed ikkje inn startkapital i selskapet. Dette regulerer ikkje spørsmål om bundne og ubundne fond der vedtaksmyndet låg til styret ut 2019 og no til representantskapet.

Eg viser til at styret for SEKOM har gjort vedtak om avsetjing til disposisjonsfond i samsvar med sine fullmakter i gjeldande vedtekter. Klipp frå vedtekter som gjaldt ut 2019:

Styret vedtek budsjett som skal sendast deltakarkommunane innan 1.november året før vedkomande budsjettår.

Eg nemner for ordens skuld at dåverande styreleiar og dagleg leiar avklara formalitetane for avsetjing med revisor i 2014.

Sekretariat for kommunale kontrollutval
www.sekom.no | post@sekom.no

Dato: 14.02.2020
Vår referanse: 20/250
Arkiv: FE-210

Rekneskapshefte 2019 for SEKOM-sekretariat

Følgjande dokument er lagt ved:

- Detaljrekneskap 2019
- Budsjettavvik drift
- Rekneskapsskjema drift
- Rekneskapsskjema balanse
- Balanserekneskap 2019
- Endring i arbeidskapitalen
- Notar til rekneskapen

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
Arnar.Helgheim@sekom.no

Detaljrekneskap 2019

SEKOM-sekretariat

Dato: 14.2.20

Konto	Konto - tekst	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 Revidert	Budsjett 2019 Oppr.	Rekneskap 2018
10100	Fast løn	1 406 372	1 388 000	1 418 000	1 363 324
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	28 946	1 000	1 000	631
10504	Telefongodtgjersle	8 784	10 000	10 000	8 784
10509	Trekkpliktig km.godtgjersle	9 396	4 000	4 000	8 204
10800	Godtgjersle folkevalde	34 200	50 000	65 000	38 800
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre	27 650	22 000	22 000	16 940
10903	Pensjonsinnskot - KLP	288 524	300 000	330 000	252 619
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	3 526	4 000	4 000	3 526
10990	Arbeidsgjevaravgift	191 584	180 000	192 000	178 873
11000	Kontormateriell	8 972	3 000	10 000	6 910
11001	Kopieringsmaterieill	0	1 000	1 000	0
11007	Faglitteratur	4 212	0	0	7 104
11150	Matvarer	26 903	20 000	13 000	19 238
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	2 089	0	0	1 525
11207	Velferdstiltak tilsette	3 583	3 000	10 000	1 000
11301	Bankgebyr	1 258	2 000	2 000	1 226
11303	Telefon	4 473	7 000	12 000	10 706
11305	Porto og frankering	1 574	2 000	2 000	2 618
11309	Motpost fordel Elkomm	-8 784	-10 000	-10 000	-8 784
11500	Opplæring, kurs/seminar	72 294	75 000	90 000	67 167
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	80 643	65 000	80 000	73 293
11700	Transport og drift av egne/leigde transportmidde	41 298	40 000	20 000	12 487
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	11 009	10 000	10 000	2 774
11855	Yrkesskadeforsikring	4 506	4 000	4 000	1 415
11900	Leige av lokale og grunn	88 625	110 000	110 000	97 198
11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	4 692	30 000	35 000	24 092
11954	Gebyr	0	0	0	10
11957	Lisensar	0	0	0	0
11958	OU Kontingent arbeidsgivars del	-3 664	0	0	
11959	Kontingentar	27 693	29 000	21 000	27 481
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	0	0	0	4 112
12001	Inventar og utstyr	39 615	34 000	19 000	2 152
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeistertenester	11 912	10 000	10 000	14 352
12702	Juridisk hjelp	0	0	0	9 400
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	45 594	65 000	65 000	48 270
13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	17 730	13 000	35 000	0
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momskomp	44 437	40 000	40 000	45 469
14700	Overføringar til andre (private)	0	0	0	0
15001	Forseinkingsrenter	0	0	0	0
15200	Utlån (Eigenkapital KLP)	14 671	17 000	17 000	0
15209	Sosiallån (Eigenkapital KLP)	0	0	0	0
15290	Kjøp av aksjer og eiendeler (Eigenkapital KLP)	0	0	0	16 544
15400	Avsetnader til disposisjonsfond	681 350	218 000	50 000	50 000
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-44 437	-40 000	-40 000	-45 469
17500	Refusjon frå kommunar	0	-34 000	0	
17505	Refusjon interkommunale selskap	-521 799	-15 000	0	-4 629
17700	Refusjon frå andre (private) m/opdg	0	0	0	-2 754
18500	Overføringar frå kommunar	0	0	0	-2 352 782
19000	Renteinntekter	0	-3 000	-3 000	
19009	Renteinntekter	-4 033	0	0	-3 428
19050	Utbytte og eigaruttak	-396	0	0	-397
SEKOM		0	0	0	0

Budsjettavvik 2019

SEKOM-sekretariat

Konto	Konto - tekst	Rekneskap 2019	Rev budsjett 2019	Budsjettavvik
10100	Fast løn	1 406 372	1 388 000	18 372
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	28 946	1 000	27 946
10504	Telefongodtgjersle	8 784	10 000	-1 216
10509	Trekkpliktig km.godtgjersle	9 396	4 000	5 396
10800	Godtgjersle folkevalde	34 200	50 000	-15 800
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre	27 650	22 000	5 650
10903	Pensjonsinnskott - KLP	288 524	300 000	-11 476
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	3 526	4 000	-474
10990	Arbeidsgjevaravgift	191 584	180 000	11 584
11000	Kontormateriell	8 972	3 000	5 972
11001	Kopieringsmaterieill	0	1 000	-1 000
11007	Faglitteratur	4 212	0	4 212
11150	Matvarer	26 903	20 000	6 903
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	2 089	0	2 089
11207	Velferdstiltak tilsette	3 583	3 000	583
11301	Bankgebyr	1 258	2 000	-742
11303	Telefon	4 473	7 000	-2 527
11305	Porto og frankering	1 574	2 000	-426
11309	Motpost fordel Elkomm	-8 784	-10 000	1 216
11500	Opplæring, kurs/seminar	72 294	75 000	-2 706
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	80 643	65 000	15 643
11700	Transport og drift av egne/leigde transportmiddel	41 298	40 000	1 298
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	11 009	10 000	1 009
11855	Yrkesskedeforsikring	4 506	4 000	506
11900	Leige av lokale og grunn	88 625	110 000	-21 375
11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	4 692	30 000	-25 308
11958	OU Kontingent arbeidsgivars del	-3 664	0	-3 664
11959	Kontingentar	27 693	29 000	-1 307
12001	Inventar og utstyr	39 615	34 000	5 615
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeistertenester	11 912	10 000	1 912
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	45 594	65 000	-19 406
13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	17 730	13 000	4 730
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momskomp	44 437	40 000	4 437
15290	Kjøp av aksjer og eiendeler (Eigenkapital KLP)	14 671	17 000	-2 329
Summar		2 544 317	2 529 000	15 317

Driftsrekneskap Sekom 2019					
	Rekneskapsskjema 1 Driftsrekneskapen	Rekneskap 2019	Reg. budsj.	Oppr. budsj.	Rekneskap 2018
Inntekter					
1 600-659	Anna sal av varer, tenester, gebyr				
2 660-679	Sal av driftsmidler/fast eiendom				
3 700-789	Refusjonar/overføringer	-566 236,18	-89 000,00	-89 000,00	-52 852,31
4 790	Kalk.innt. Ved komm.tj.yting				
5 800-829	Statlege tilskot				
6 830-839	Refusjon Førde kommune				
7 840-859	Tilskot	-2 655 002,23	-2 655 000,00	-2 655 000,00	-2 352 782,25
8 860-879	Gåver, sponsor inntekter				
9	Sum driftsinntekter	-3 221 238,41	-2 744 000,00	-2 744 000,00	-2 405 634,56
Utgifter					
10 010-099	Løn og sosiale utgifteer	1 998 982,70	1 959 000,00	1 959 000,00	1 871 700,51
11 100-299	Kjøp av varer og tenester	422 902,62	435 000,00	435 000,00	377 476,14
12 300-389	Refusjonar/overføringer	63 324,40	78 000,00	78 000,00	48 269,60
13 390	Kalk.utg. ved komm. tj.yting				
14 400-479	Mva komp.	44 437,18	40 000,00	40 000,00	45 469,31
490	Reserverte løyvingar				
15	Sum driftsutgifter	2 529 646,90	2 512 000,00	2 512 000,00	2 342 915,56
16	Brutto driftsresultat	-691 591,51	-232 000,00	-232 000,00	-62 719,00
17 900-909	Renteinntekter	-4 429,00	-3 000,00	-3 000,00	-3 825,00
18 920-929	Motteke avdrag på utlån				
19 500-509	Renteutgifter og låneomkostningar				
20 510-519	Avdrag på lån				
21 520-529	Avsetning eigenkapital, KLP	14 671,00	17 000,00	17 000,00	16 544,00
22	Netto finansinntekter/-utgifter	10 242,00	14 000,00	14 000,00	12 719,00
23 590	Avskrivningar				
24 990	Motpost avskrivningar				
25	Netto driftsresultat	-681 349,51	-218 000,00	-218 000,00	-50 000,00
Interne finansieringstransaksjonar					
26 930	Bruk av udisponert frå tidl.år				
27 940-949	Bruk av disposisjonsfond				
28 950-959	Bruk av bundne fond				
29 960	Bruk av likviditetsreserve				
30	Sum bruk av avsetningar				0,00
31 530	Avsett til dekning frå tidl.år				
32 540-549	Avsett til disposisjonsfond	681 349,51	218 000,00	218 000,00	50 000,00
33 550-559	Avsett til bundne fond				
34 560	Avsett til styrking av likv.res.				
35 570	Overført til investeringsrekneskapen				
36	Sum avsetningar	681 349,51	218 000,00	218 000,00	50 000,00
580	Rekneskapsmessig mindreforbruk				
980	Rekneskapsmessig meirforbruk				
		0,00	0,00	0,00	0,00

Førde 06.02.2019

Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal

Terje Guddal

Rekneskapssjema - Balanse Sekom				
		Eigendelar	2019	2018
A	Kap. 2.2	Anleggsmidler		
	2.27 - 2.29	Fast eiendom og anlegg		
	2.24 - 2.26	Utstyr, maskiner og transportmidlar		
	2.22 - 2.23	Utlån		
	2.21 -	Aksjer og andelar	144 408,00	129 737,00
		Sum anleggsmidler	144 408,00	129 737,00
B	Kap. 2.1	Omløpsmidlar		
	2.13 - 2.17	Kortsiktige fordringar	45 888,00	75 267,97
	2.18 -	Aksjer og andelar		
	2.12 -	Sertifikater		
	2.11 -	Obligasjonar		
	2.10 -	Kasse, bankinskot	1 338 493,91	716 667,76
C		Sum omløpsmidlar	1 384 381,91	791 935,73
		Sum eigendelar	1 528 789,91	921 672,73
D	Kap 2.5	Eigenkapital		
	2.56 - 2.58	Disposisjonsfond	-871 349,51	-190 000,00
	2.51 - 2.52	Bundne driftsfond		
	2.53 - 2.54	Ubundne driftsfond		
	2.55 -	Bundne investeringsfond		
	2.5950 -	Rekneskapsmessig mindreforbruk		
	2.5900 -	Rekneskapsmessig meirforbruk		
	2.5980 -	Likviditetsreserve		
	2.5990 -	Kapitalkonto	-144 408,00	-129 737,00
		Sum eigenkapital	-1 015 757,51	-319 737,00
E	Kap. 2.4	Langsiktig gjeld		
	2.41 - 2.42	Ihendehavarobligasjonar		
	2.43 - 2.44	Sertifikatlån		
	2.45 - 2.49	Andre lån		
		Sum langsiktig gjeld		0,00
F	Kap 2.3	Kortsiktig gjeld		
	2.31 -	Kassakreditlån		
	2.32 - 2.39	Anna kortsiktig gjeld	-513 032,40	-601 935,73
		Sum kortsiktig gjeld	-513 032,40	-601 935,73
G		Sum gjeld og eigenkapital	-1 528 789,91	-921 672,73
	Kap 2.9	Memoriakonti		
	2.9100 -	Ubrukte lånemidler		
	2.9200 - 2.9899	Andre memoriakonti		
	2.999 -	Motkonto for memoriakontiane		
			0,00	0,00

Førde 06.02.2019

Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal

Terje Guddal

Balanse 2019

SEKOM-sekretariat

Konto	Konto - tekst	Pr 31.12.19	Pr 31.12.18
210070000	Skattetrekk	72 214	40 645
210320000	Bankkonto folio	685 649	9 396
210320100	Bankkonto OCR	580 631	666 627
213080009	Periodisering ing fakt.	0	-937
213640800	Oppgjørskonto momskomp.	45 888	45 465
213890002	Kundefordringar (manuelle)	0	29 069
213890011	Kundefordringar kvartalsvis	0	1 671
221550001	Eigenkapitaltilskot	144 408	129 737
232200001	Leverandørgjeld (manuelle)	-237 210	-282 064
232200003	Leverandørgjeld	-6 827	-29 141
232550161	Tariffesta OU fond	0	-3 978
232640001	Skattetrekk	-72 214	-69 714
232640180	Avsett AGA av løn	-30 126	-26 416
232640183	Arb.gj.avg.ferieår	-15 972	-15 483
232890001	Trekkeigarar HRM	0	-29 069
232890181	Feriepengar ferieår	-150 683	-146 070
256080700	Disposisjonsfond	-871 350	-190 000
259900801	Kapitalkonto	-144 408	-129 737
		0	1

Endring arbeidskapitalen

Pr 31.12.19

Balanserekneskap	2019	2018	Endring
2.1 Omløpsmidlar	1 384 381,91	791 935,73	
2.3 Kortsiktig gjeld	-513 032,40	-601 935,73	
	871 349,51	190 000,00	681 349,51
Drifts og investeringsrekneskape			
Økonomisk oversikt drift:			
Driftsinntekter 600 - 899	-3 221 238,41		
Driftsutgifter 001 - 499	2 529 646,90		
Avskrivningar 590	0,00		
Eksterne finansinntekter 900 - 921	-4 429,00		
Eksterne finanskostnader 500 - 529	14 671,00		
Motpost avskrivningar	0,00		
Endring arbeidskapital	-681 349,51	-681 349,51	
			0,00

Førde 04.02.2019

Notar

Rekneskap for SEKOM-sekretariat 2019

1. Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Rekneskapen for SEKOM-sekretariat er ført i samsvar med forskrift om årsregneskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) og god kommunal rekneskapsskikk. Inntekter og utgifter er ført etter anordningsprinsippet. Kjende inntekter og utgifter som gjeld rekneskapsåret er tekne med i rekneskapen.

2. Tilskot frå eigarkommunane

I tråd med samarbeidsavtala mellom eigarkommunane om sekretærtjenester for kontrollutvala, vert kostnadane dekkja etter følgjande fordelingsnøkkel: Folketal 50%, tidsbruk 25% og fast sum 25%. Innbetaling frå kvar kommune skjer etter stipulert tilskot basert på folketal året før og tidsbruk dei 2 seinaste åra.

Ved avslutning av rekneskapen, kjem vi fram til følgjande avrekning:

Kommune	Folketal	% tid	Folketal	Tidsbruk	Fast sum	Tilskot
Askvoll	3 038	5,7 %	-59 210	-38 074	-44 250	-142 000
Bremanger	3 705	5,0 %	-72 210	-32 890	-44 250	-149 000
Eid	6 151	8,9 %	-119 882	-58 913	-44 250	-223 000
Fjaler	2 770	7,3 %	-53 987	-48 456	-44 250	-147 000
Flora	11 852	9,6 %	-230 994	-63 953	-44 250	-339 000
Førde	13 092	11,3 %	-255 161	-75 291	-44 250	-374 000
Gaular	3 027	5,7 %	-58 996	-37 821	-44 250	-141 000
Gloppen	5 836	7,2 %	-113 743	-47 923	-44 250	-206 000
Gulen	2 322	6,1 %	-45 255	-40 660	-44 250	-130 000
Hornindal	1 152	3,7 %	-22 452	-24 790	-44 250	-91 000
Hyllestad	1 366	4,0 %	-26 623	-26 544	-44 250	-97 000
Jølster	3 047	7,7 %	-59 386	-51 194	-44 250	-155 000
Naustdal	2 793	6,7 %	-54 435	-44 234	-44 250	-143 000
Solund	820	6,1 %	-15 982	-40 356	-44 250	-101 000
Stryn	7 167	4,9 %	-139 684	-32 651	-44 250	-217 000
Totalt	68 138	100,0 %	-1 328 000	-663 750	-663 750	-2 655 000

Avrekning for 2018 er bokført på balansepost 2.32.200.001 (Leverandørgjeld, manuelle). Samla avrekning som vert oppgjort i 2020 vert dermed:

Kommune	Avrekning 2019	Avrekning 2018	Sum avrekning
Askvoll	-7 000	-23 571	-30 571
Bremanger	-11 000	-23 226	-34 226
Eid	17 000	-3 372	13 628
Fjaler	7 000	-15 856	-8 856
Flora	-12 000	-33 812	-45 812
Førde	16 000	-3 501	12 499
Gaular	1 000	-10 345	-9 345
Gloppen	1 000	-27 081	-26 081
Gulen	3 000	-15 101	-12 101
Hornindal	-10 000	-10 988	-20 988
Hyllestad	-14 000	-22 010	-36 010
Jølster	4 000	-7 916	-3 916
Naustdal	2 000	-12 319	-10 319
Solund	10 000	-731	9 269
Stryn	-7 000	-27 381	-34 381
Totalt	-	-237 210	-237 210

3. Løns- og personalutgifter

Konto	Konto - tekst	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
10100	Fast løn	1 406 372	1 388 000	1 363 324
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	28 946	1 000	631
10504	Telefongodtgjersle	8 784	10 000	8 784
10509	Trekkpliktig km.godtgjersle	9 396	4 000	8 204
10800	Godtgjersle folkevalde	34 200	50 000	38 800
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre	27 650	22 000	16 940
10903	Pensjonsinnskott - KLP	288 524	300 000	252 619
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	3 526	4 000	3 526
10990	Arbeidsgjevaravgift	191 584	180 000	178 873
	Sum løns- og personalutgifter	1 998 982	1 959 000	1 871 701

Pr 31.12.2019 er dagleg leiar si årsløn kr 783.000. Reiseutgifter for tilsette vert dekkja etter staten sitt regulativ. SEKOM-sekretariat er medlem i KS Bedrift og følgjer lover og sentrale avtaler i KS-området. Styret har vedteke at selskapet for presiseringar ut over dette følgjer det som er vedteke i Førde kommune.

4. Pensjon

Alle tilsette er knytt til felles kommunal pensjonsordning(KLP) i samsvar med tariffavtala i KS-området. Arbeidstakar dekker pensjonsinnskott med 2% av løna. Selskapet dekker resten, på same måte som pensjonskostnader hjå eigarkommunane. Selskapet dekker reguleringspremie for ein høgare del pensjonistar enn det som er vanleg hjå kommunane. SEKOM-sekretariat kjem difor ut med høgare pensjonsutgifter målt i prosent av løna enn kommunane.

SEKOM-sekretariat betalte kr 14.671 i eigenkapitalinnskott til KLP. Samla er det bokført eigenkapitalinnskott på kr 144.408 i balansen.

Oppgåve frå KLP	2019	2018	2017
Premie kollektiv pensjonsforsikring	130 341	126 470	123 902
Reguleringspremie	171 521	163 923	111 952
Tilskot AFP 62-64 - utjamning	12 518	12 136	11 801
Tilskot tidlegpensjon - utjamning	15 539	14 294	13 897
Tilskot bruttogaranti - utjamning	25 037	28 443	21 189
Overføringar frå premiefond	-44 571	-75 296	-49 053
Rentegarantipremie	4 922	8 621	7 802
Sum totalt	315 307	278 591	241 490

5. Fond

I det endelege budsjettet for 2019 var det vedteke at mindreforbruk på inntil kr 218.000 skulle setjast av til disposisjonsfond.

I budsjett for 2020, er det vedteke at innbetalt pensjonsforplikting for dei kommunane som går ut av selskapet skal setjast av til disposisjonsfond med kr 502.000. Då dette vart betalt inn før årsskiftet, er også denne avsetjinga med i rekneskapen for 2019.

Diponsisjonsfond	Beløp
Avsett 2015	50 000
Avsett 2016	40 000
Avsett 2017	50 000
Avsett 2018	50 000
Avsett 2019	681 350
Sum balanseført pr 31.12.19	871 350

Avsett til disposisjonsfond - forklaring	Rekneskap	Budsjett
Budsjettert avsetjing jf økonomirapport	179 752	218 000
Avsetjing av innbetalt pensjonsforplikting	501 598	502 000
Gjeld Eid, Hornindal og Flora - budsjett 2020		
Avsett 2019	681 350	720 000

6. Omdanning av selskapet

Selskapet vart omdanna etter ny kommunelov og med ny eigarsamansetjing den 1.1.20. Dette påverkar ikkje rekneskapen for 2019 på anna måte enn at oppgjer for pensjonsforpliktingar frå kommunar som går ut av selskapet kom inn i 2019 (sjå også fond).

Sidan selskapet vart endra med 4 nye kommunar i 2010, er forpliktingane rekna i 2 deler. Flora var med frå skipinga, medan Eid og Hornindal kom inn i 2010.

Kommune	Før 2010	2010-2019	Sum
Eid	-	88 838	88 838
Flora	233 304	139 692	372 996
Hornindal	-	39 764	39 764
Sum innbetalt forplikting			501 598

Førde, 14. februar 2020

Arnar Helgheim, dagleg leiar

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til
Styret for SEKOM-sekretariat

UAVHENGIG REVISORS MELDING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen 2019

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen 2019 for det interkommunale samarbeidet SEKOM-sekretariat. Driftsrekneskapen viser sum driftsutgifter kr 2 529 646,90 og det er gjort endeleg avrekning med medlemskommunane i samsvar med vedtektene for samarbeidet. Årsrekneskapen består av balanse, driftsrekneskap og notar til årsrekneskapen, m.a. eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av samarbeidets finansielle stilling per 31. desember, og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med kommuneloven med tilhøyrande reglar i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, m.a. dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ut frå disse standardane er omtala i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av samarbeidet slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde våre andre etiske plikter i samsvar med disse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Annan informasjon

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon med det formål å vurdere om det er vesentleg konsistens mellom annan informasjon og særrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at annan informasjonen inneheld vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ikkje noko særskild å rapportere.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, m.a. for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommuneloven med tilhøyrande reglar i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapsskikk. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller utilsikta feil.

Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå trygghet for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Trygghet for årsrekneskapen betyr høg grad av sikkerheit, men er ingen garanti for at revisjonen alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleghald eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelegheit kan forventast å påverke økonomiske vedtak som brukarane gjer basert på særrekneskapen.

For vidare omtale av revisors oppgåver, sjå:

www.nkrf.no/revisjonsmeldinger

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at disposisjonane som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert særbudsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og avrekninga med medlemskommunane er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig ut frå internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidets rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 17.2.2020

Haldor Sunde

Revisor

I saka der styret for SEKOM skal gjere vedtak om midlar (overskot) skal avsettast til fond vil eg knytte fylgjande kommentar:

Kommunelova §19-4 samarbeidsavtale inneheld ei oppsummering av kva samarbeidsavtalen skal fastsette.

Pkt e: "deltakerenes innskuddsplikt".

Pkt. 5 i samarbeidsavtalen for SEKOM sekretariat inneheld nettopp ein passus om dette ;
Sitat: " *Det er ikkje krav om eigenkapitalinnskot frå kommunane.* " Og sist i pkt. 5. Sitat:
«Kommunale budsjett- og rekneskapsreglar gjeld for selskapet.»

Slik eg oppfattar ei eventuell fondsoppbygging er det å betrakte som eigenkapitalinnskot frå deltakarkommunane og eg meiner det vil medføre at styret ved fondsavsetting handlar i strid med det som var intensjonen frå deltakarkommunane.

Det er heller ikkje naudsynt med fondsoppbygging i selskapet for å ha ein reserve. Dette kan/skal løysast ved å budsjettere naudsynte reserver under konto 4900 Reserverte tilleggsløyvingar.

Eit eventuelt mindreforbruk i høve til budsjett blir å godskrive kommunane etter same fordelingsnøkkel som kommunane har betalt inn til SEKOM.

Øyvind Lid (Gulen kommune)

